

Styremøte 13.3.2019

Styresak nr 5 / 19 OKOS 2020. Omorganisering av OKOS

Styret syner til utgreiing frå fylkesrådmann datert 10.04.18 som syner at opplæringskontor etter opplæringslova skal organiserast som eigne rettsobjekt. Styret syner også til utgreiing frå fylkesrådmann datert 10.12.18 som tilrår at Opplæringskontoret for offentleg sektor Sogn og Fjordane (OKOS) bør velje samvirkeføretak som organisasjonsform. Styret syner også til tilbakemelding frå medlemsbedrifter der ei omorganisering til samvirkeføretak får tilslutning.

Vedtak:

1. Styret tilrår at Opplæringskontoert for offentleg sektor Sogn og Fjordane (OKOS) vert omorganisert frå å vere ein del av den fylkeskommunale verksemda, til å verte organisert som eit samvirkeføretak. Styret tilrår at omorganisering til samvirkeføretak vert gjennomført ved at OKOS sine opparbeidde verdiar og aktiva vert vidareført i nytt føretak.
2. Styret ber om at Sogn og Fjordane fylkeskommune føretek naudsynte vedtak og disposisjonar for gjennomføring av ei omorganisering av OKOS til samvirkeføretak.

Vedtak:

Samrøystes.